



Radøy Kunst Senter
Roger Gjerstad
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2019 - 14/8797

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
21.08.2014

Invitasjon til drøftingsmøte

Me inviterer med dette representant for Stiftinga Radøy Kunst Senter til drøftingsmøte med formannskapet 4.september kl. 09.10-09.40.

Kommunestyret handsama 12. juni sak om mogleg overdraging av tidlegare Haugland skule til stiftinga for RKS, og utsette då saka for å invitera til eit møte med stiftinga.

Formannskapet ønskjer ein presentasjon av kva utviklingsplan stiftinga har for RKS og korleis ein ser for seg at ei mogleg overtaking av bygningen skal forvaltast økonomisk. Og kva rolle tenkjer stiftinga at Radøy kommune har i den vidare drifta av RKS?

Formannskapet sitt møte er i kommunestyresalen på rådhuset.

Kommunestyret i Radøy gjorde i juni 2014 følgjande vedtak:

Kommunestyret i Radøy 026/2014

KS - handsaming:

Formannskapet drøfta saka på møte i forkant av kommunestyret, og la fram sitt framlegg skriftleg, direkte i møtet.

Formannskapet vedtok å utsetja saka no og til hausten invitera stiftinga for RKS i formannskapet for å presentera sine planar for den vidare drifta og leggja fram ein revidert utviklingsplan.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS - vedtak:

Saka vert utsett no, og til hausten vert stiftinga for RKS invitert til formannskapet for å presentera sine planar for den vidare drifta og leggja fram ein revidert utviklingsplan.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget
Radøy kommune

